

**BLAD**

Returadresse:  
Kyrkjebakken  
Austrheimsvegen 1262  
5943 Austrheim

# «Det blir bra»



**TIRILTUNGE**  
Barnekor

## Konsert med Tiriltunge barnekor, Vardetangen


Søndag 30.mai 2021  
kl. 16.00

Gitar: Marit Helen Skoge  
Fløyte: Kari Tresnes  
Trommer: Adrian Fernandez  
Lyd: Terzz lyd, Trond Einar Sørensen  
Korleiarar: Elisabeth J. Risnes & Rigmor Ludvigsen

Konserten er gratis, men me ynskjer at du støttar  
Emil sin panteaksjon til barnekreftforeningen

Det vert tatt omsyn til smittevernsreglar

Austrheim kommune i samarbeid med Fonnes bygdelag



Vipps-nummer 639549



Kyrkjebakken nr 04 – 2021 – Aprilnummeret – 50 årgang – nytt stoff innan 13.mai



**KYRKJE BAKKEN**  
*Informasjonsblad for Austrheim sokn*



## KYRKJESKYSS

Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjeteknoret tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)  
Bodil Monslaup 414 57 215  
,Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90,  
eller Edvard Bjerkestrand 46922638

## Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 72 90  
E-post: post.austrheim@kyrkja.no  
www.austrheimkyrkja.no

**Kontortider:**  
Sokneprest: Trefttid etter avtale  
Kyrkjeverje:

**Bustadtelefonar:**  
Sokneprest Rune Minde 906 95 377  
Kyrkjeverje Leif Arne Økland 40 06 52 31  
Organist og kyrkjelydspedagog  
Jostein Hauge 40 46 62 11  
Kyrkjeterar Gry Haukeland 41 30 85 58  
Soknerådsleiar Helge Dyrkolbotn 41 66 26 10

## Redaksjonen

Utgjevar: Austrheim sokneråd  
Redaktør: Jostein Hauge,  
Redaksjon: Jorunn Kårdal,  
Britt Rebnord,  
Leif Arne Økland.

Adresse: 5943 Austrheim

Trykk og Design Trykk-Service as



# Gudstenester

I A U S T R H E I M S O K N

Følg med på annonsering  
heimeside, facebook og  
plakat for mulige endringar.  
Send sms til 906 95 377 om du  
ønsker sms-varsel om  
gudstenester.

08.mai Selsøy

Søndag 13.mai. Aktivitetsdag  
for familier ved  
kyrkjelydshuset kl.13.00  
Gudsteneste kl. 16.00

17.mai – følg med  
på annonsering

1.pinsedag 23.mai kl. 11.00 -  
Gudsteneste

### ANNONSE I KYRKJEBAKKEN:

1/1 side + baksida	kr.1.000,-
3/4 – 2/3 side	kr. 750,-
1/2 side	kr. 500,-
1/3 side	kr. 350,-
1/4 side	kr. 250,-
Små annonser	kr. 150,-
Korte takkeannonser er gratis.	

# Med tårer som styrkedråpar

"Du må unnskylda meg, eg har så lett for å gråta". Denne setninga har eg hørt ein del gonger i arbeidet som prest i møte med menneske i ulike krossvegar i livet. Ofte synest det som om me tenkjer at det å syna kjensler er teikn på veikskap, og særleg gjeld dette å gråta. For meg er det vorte klårare og klårare at det tvert om er eit styrketeikn.

Gråten er ei Guds gave. Den kan utløysa frigjerande prosessar i sinn og tanke. Den har ein styrke som ein demning som brest i ei vårflyømmande elv, og ber med seg sorg og sår på sin frigjerande veg. Den gråt som startar som den bitraste hulking, kan enda i den stille straum av lydlause tårer.



Noko av det som betyr mest for meg som kristen, er nett det at eg skal sleppa å gjera meg til ein annan enn den eg er for å møta Gud. Eg vert teken imot, både med min gråt og min lått.

Og bodskapen som møter meg frå Guds Ord er i si endelege oppfylling at dei tårer som i dag renn ned mine kinn skal verta skifta ut med lattertårer som strøymer ut frå ei rein gledekjelde. Denne kjelda kjenner eg allereie no at eg har kontakt med. I spegelbilete frå denne kjelda stig eit andlet fram, eit andlet som lyser av rein kjærleik.

Diktarpresten  
Eivind Skeie formulerer det slik:

*Å denne kilde,  
ren som Paradiset,  
den springer frem  
her like ved min fot.*

*Å denne strøm  
fra dine dype brønner  
gir meg tilbake  
helse liv og mot.*

Rune Minde

Då er det heller ikkje så merkeleg at vegen frå gråt til lått ikkje treng å vera så lang. I Salme 126 i Bibelen står det slik: "Dei som sår med tårer, skal hausta med glederop, og lenger framme i same salmen: "..då fyltest vår munn med lått..." Nokre gongar har eg sett korleis gråt og lått kan skifta fram og tilbake hjå ein person på same tid. Og ofte er det nett den som ler mest hjarteleg som og kan gråta sårast. Det er ikkje tilfeldig at klovnene ofte ber med seg ei gråtande maske som baksida av klovnemaska.



# Bodil Monslaup Min salme



Eg er glad i mange salmar og songar. Det blir vanskeleg å velge. Men velger å referere litt til kvifor eg er glad i nokre av dei.

**"Det er makt i dei foldede hender".** Eg har opplevd at det er godt å få be om hjelp, få folde sine hender eller berre sei orda **"Hjelp meg no"**. Eg trur mange har brukt dei orda sjølv om den kristne trua ikkje er det dei påberopar seg til dagleg. Det er ikkje alltid det vert slik vi ønsker og håpar, men det er godt å kjenne på at det er noko som gjev oss kraft og styrke i det vi må gjennomgå i livet.

**"Har du fyr har du loka langs de lei"** er også ein song eg er glad i. Mange vil sikkert sei at dette ikkje er ein kristen song, det kan sikkert diskuterast, men har vi ikkje lys langs livsreisa vår blir det tungt og mange grunnstøtingar.

**"Keltisk velsignelse –** Må din veg komme oss i møte.....". Eg er glad i å få syng den med den stemma eg har. Då tenker eg på tur til det gamle keltiske hovudsetet på øya Iona på Hebridene – oppleveling og det spesielle med den vesle øya med så mykje norsk historie og klosteret og kyrkja som betydde så mykje for den kristne trua.

**"Namnet Jesus"** sunge på norsk på ein tur med THK til Ukraina, medan elevane på bibelskulen song same song på ukrainsk. Så sterkt at ein fekk frysningar på ryggen.

Men mest av alt er min salme: **"Han tek ikkje glansen av livet"**. Det er ein song eg har vakse opp med. Den vart mykje sunge heime hos oss i barndomsheimen min. Når vi var med på møte med mor og far, var det også ein song eg ofte hørde. Difor var det naturleg å velje denne som song i gravferda både til far i 1967 og til mor i 1979. I far si gravferd vart den spelt med den melodien vi trudde var den einaste. Men i mor si gravferd vart vi så underleg skuffa i kyrkja, det var jo feil melodi. Det eg har lært i seinare tid er at det er to melodiar, og i dag syns eg begge er fine. Men den dagen vart det berre trist. Trygve Bjerkreim skreiv songen i 1950, så den er like "gamal eller ung" som eg er.

*Han tek ikkje glansen av livet,*  
den Frelsar som kallar på deg.  
Fyrst då kan for alvor du leva,  
når han får deg fylja på veg.

Du høyrer dei därande røyster,  
som lovar deg gullglim og glans.  
Men ingen legg lys over vegen,  
som Jesus og kjærleiken hans.

Han hjelper i brattaste bakkar,  
og stydjer når vegen vært smal.  
Han signar dei sollyse sletter,  
og lyser i dødskyggens dal.

Han fører deg frelst over fjorden,  
heilt fram til den himmelske strand.  
Når døden sin brotsjø vi møter,  
vil Jesus dra båten i land.

Han tek ikkje glansen av livet,  
han gyller din morgen og kveld.  
Og opnar ei dør til dei salar,  
der ævelig høgtid du held.

## BIBLIOTEKET - OPNINGSTID

Tysdag 10-15

Onsdag 14-19

Fredag 10-15

«Følg med på Facebook eller plakat for eventuelle endringar grunna smittevern»

God bok



*Oprussing av  
gravmonumenter*

Utfører vasking,  
rensing  
og oppattmaling

Gunnar Nilsen 414 39 887

## LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege **113** heile døgeret.

Legevakt **116117**

### Austrheim legekontor

Tlf. 56 16 82 00

Oppningstider for publikum:

**Kl.08.30 - 15.00.**

Telefontid: **08.30 - 12.00 og 13.00 - 15.00.**

## INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!

### Årás helsestasjonen

Åpningstider for publikum:

**Kl 08.30- 15.00**

Helsesøster tlf. 56 16 82 11

Jordmor:

tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)

Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13

## NYE TELEFON NR. I PLEIE OG OMSORG :

**Nordliheimen :** 56 16 20 40

**Nordliheimen/kjøkken:** 56 16 20 49

**Vestlia:** 56 16 20 55

**Heimesjukepleien:** 56 16 21 23  
(ring Nordliheimen etter kl. 15.30)



# LEIRVÅG BEDEHUS

Annankvar fredag er det ungdomskveld i kjellaren på Lervåg Bedehus.

Arbeidet starta opp hausten 2010. Det er for dei som går i 7. klasse, eller er eldre, frå klokka 19.30-23.00. På ungdomskveldane samlast vi i kjellaren. Her er det to bowlingbaner, bordtennis, biljard og andre spel. Der er også eit ballrom. I kjellaren vert det servert saft, boller eller kaker, pizza og snacks.

Då klokka er omlag 21 samlast me i salen oppe og har andakt, ofte med song. Der syng me både nye og gamle kristne songar. Etter samlinga heldt me fram med aktivitetar og godt fellesskap i kjellaren.

Som bedehus ønskjer vi å gje ungdommane ein trygg plass å vera, ein plass dei kan bli sett. Vi ønskjer at dei skal bli kjent med Jesus og med Bibelen.

Søkjer du opp Ungdomskveld Lervåg på Instagram eller Facebook får du informasjon om kortid det er samlingar. Du er hjartleg velkommen til å vera med!

Royal Rangers Austrheim er speidararbeidet på bedehuset. Me harfor tida speidarar frå 3. til og med 7. klasse, frå både Årås og Kaland.

Samlingane er tirsdagar i oddetalsveker frå 1700-1830. Då møtes me med bedehuset og går bort til leirplassen, like ved, i skogen. Her har me gapahuk, bålpass og eit stort bord med benkar som speidarane har laga. På ei samling har me ein matbit, aktivitetar og ein andakt der me snakkar om Jesus og forteljingar i Bibelen.

Vanlegvis har me ein speidarleir på våren der me sov ute i lavvoar og har det kjekt saman rundt bålet heilt til leggetid. Korona gjør at det vert annleis i år. Me har og vore meir ute dette skuleåret. For som oftast når det er vinter er me inne på bedehuset og lærer noko som førstehjelp, eller lagar noko; til dømes fuglekasse, sprettert eller tennbrikettar.

Me vil at speidarane skal ha det gøy i lag, bli glad i å vera ute, og læra om naturen og oppleva mestring, anten det er båltenning eller å læra seg ulike knutar. Mottoet vårt er "beredt til å høyra, læra og gjera mitt beste i alt".

***Om du har lyst til å starta på speidaren, så tek me imot nye speidarar etter sommarferien.***





Daglegvare - Post i butikk - Minibank - Apotek - Gull/Gåve/Glas - Gardiner/Utsyrsvarer - Bokhandel/Leikar Dame/Herre og Barneklede - Elektro/Kvittevarer/Belysning - Jernvarer/Fargehandel - Båt/Fiskeutstyr



Du kan stole på at vi i Bosch Car Service kan ta hånd om din bil.

Vi utfører alltid service og vedlikehold i tråd med bilprodusentens spesifikasjoner. Derfor beholder du fabrikkgarantien på bilen når du får utført service hos oss.

Spør oss gjerne om mer informasjon.



Fosnøy Bilsenter

Tlf: 56 16 75 50



BoschCarService.no

For everything your car needs.



## Austrheim sokn

*Gravlagd 26.03.21 Vidar Dahle f. 1957*



**Takk**  
for den fine blomehelsinga  
frå frivilligsentralen og heimesjukepleien  
som vi fekk til Påske.  
Borgfrid Brügger og Katrine Strand.



**Hjarteleg takk**  
til diakoninemda for gåva eg fekk til  
80 års dagen min.  
Og takk til Bodil som kom med den.  
Helsing Harry Fonnes



**Hjarteleg takk**  
for oppmerksomheten i anledning  
min 90 års dag,  
og takk til Britt som kom  
med søte fristelser.  
Hilsen Elin Thorsen



**Mange takk**  
for omtanke, blomsterhilsener  
og telefoner ved vår kjære  
Vidar Dahle sin bortgang.  
Takker også Jarle Gallefoss og  
hjemmesykepleien  
for fantastisk god støtte.  
Herdis, Laila og Runar



Vi leverer mat til alle anledninger,  
der du vil eller vi ordner lokaler

• Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

• Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

**Knüter**  
CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | www.knutercatering.no

# Reviderte festeavgifter og gravplassvedtekter

Reviderte festeavgifter vart einstemming vedtatt av kommunestyret på møtet 8.april 2021. Nye gravplassvedtekter er også vedtekte av soknerådet. Her avventar vi ei endeleg godkjenning frå Statsforvaltaren.

Det har vore ein del skriving i lokalpressa i det siste om at festeavgiftene har auka mykje dei siste åra. Dette er forsåvidt riktig. Festeavgifter for gravminner var noko som ikkje eksisterte for nokre tiår sidan. At dette i si tid vart innført i Austrheim, medførte her som andre stader, ein god del motstand.



Festeavgiftene vert brukt til å drifta gravplassane og for å bidra til at tilstrekkeleg mange vel å sletta eldre gravminner, for å leggja til rette for gjenbruk. Festeavgiftene allein dekkar ikkje på langt nær driftsutgiftene, så gravplassforvaltninga er heilt avhengig av tilskot frå kommunen for å utføra sine tenester. Om vi ikkje hadde hatt festeavgifter hadde gravplassane våre blitt overfylte av gamle og ustelte gravminner. Festeavgiftene vert såleis brukt aktivt for å få mange nok til å sletta dei eldste gravminnene.

Når det gjeld gravminner som skal bli tatt vare på, er desse blitt vurdert i den verneplanen som vi snart er ferdig med. Gravminner som blir tatt vare på vil vera fritekne for festeavgift.

Soknerådet har i si tilråding til kommunen vore oppteken av at avgiftene i Austrheim ikkje skal vera prisdrivande. Difor er det ønskjeleg at vi ligg under prisnivået i Alver, som det er naturleg å samanlikna oss med. På den andre sida bør det ikkje vera for stort sprik mellom avgiftsnivået i Austrheim i forhold til Alver, sidan vi geografisk ligg så tett på ein annan.

Gravplassen på Austrheim vil etter alt å døma vera full i løpet av den neste 10 års perioden.

Det er difor ønskjeleg å leggja til rette for gjenbruk innanfor det arealet vi har. Ei utviding er kostnadskrevjande og bør bli unngått. Vi kan unngå dette ved at tilstrekkeleg mange gamle gravminner vert sletta og ved at fleire vel urnegravlegging.

## VI HAR NO GJORT ENDRINGAR I FESTEAVGIFTENE, I TILLEGG TIL NOKRE ENDRINGAR I GRAVPASSVEDTEKTENE:

- Festeavgifta for graver som er mellom 20 – 60 år: kr 500 i året. (Vi ligg her 100 kr under Alver). Tidlegare har vi hatt ein trinnvis auke av festeavgiftene.
- Gravminner over 60 år: 900 kr i året. Her ligg vi også under Alver. Vi har tidlegare hatt ein «slettefrist» på 75 år, som vi no har endra til 60 år. Det er mogeleg å festa graver som er eldre enn 60 år, men då etter søknad til gravplassforvaltninga.
- Festeavgifta for urnegraver og barnegraver

skal vera 50% av ordinær avgift.  
(same prinsipp som før).

- Gravplassforvaltninga refunderer kremas jonsavgifta for eigne innbyggjarar som vert gravlagt i Austrheim (ei ording som vi har hatt eit par år allereie). Dette gjer vi for å få fleire til å velja urnegravlegging, som i seg sjølv er plassbesparande.
- Avgift for å reservera dobbeltgrav (det vil seja kistegrav ved sida av avdøyde ektefelle/samaruar) kostar no kr 5.000 for ein 10 års periode. Ein slik reservasjon kan fornyast vidare i bolkar på 5 år.
- Kyrkjegardsarbeidar kan utføra enklare arbeid som gjenopprettning eller montering av gravminne, til ein timepris på 500 kroner. (Dette gjeld i dei tilfella der vi vert spurt konkret om det. Vanlegvis vert slike oppgåver utført av eit firma. Festar kan også retta opp gravminner sjølv).
- Personar som ikkje er registrert som heimehøyrande i Austrheim kan be om å

bli gravlagt her. Då må dei betala eit gebyr for dette. Om ein ønskjer ei kistegravlegging kostar dette no 8000 kroner. (Denne summen har ikkje vore regulert på mange år – før var kostnaden 4000 kroner.)

Er ein ikkje heimehøyrande i Austrheim og ønskjer ein gravferdssermoni frå kyrkjja, så er dette ein kostnad som kjem i tillegg. Her har vi velt å liggja langt under Alver sine prisar. Tilsvarande kostnad for urnegravlegging vil no vera 4.000 kroner, med tillegg for eventuell sermoni.

• Gravplassforvaltninga har om lag 50 gravstellsavtalar. Kostnaden for desse har i mange år lagt på 1200 kroner og har såleis blitt ei teneste som vi i praksis har sponsa. Kostnadane vert no heva opp til 1500 kroner i 2021 og opp til 1900 kroner frå og med 2022. Her har vi også lagt under Alver sitt nivå og vil framleis gjera det.

**Leif Arne Økland**  
kyrkjeverje

# ÅRÅS BEDEHUS

**Søndag 25. april kl 11:00 Formiddagsmøte, Reidun Skurtveit talar.**

**Søndag 9. mai kl 11:00 Formiddagsmøte**

**Mandag 24. mai (2.pinsedag) kl 11:00 Formiddagsmøte,  
Frode B. Sætre talar.**

**Følg med på facebook eller nettsida for evt endring til  
digitalt møte av smittevern omsyn.**


**Google Meet vert brukt til digitale møte.**

**Brukarrettleiing finn du på vår nettside.**



**Velkommen til samlingane! [www.austrheimindremisjon.no](http://www.austrheimindremisjon.no)**

Austrheim Indremisjon på Facebook.



# Sommarskule i Austrheim

## Til lag og organisasjonar

I lys av den pågående Covid-19 pandemien har regjeringa i år løyva ekstra midlar til sommarskule for elevar i grunnskulen.

Utdanningsdirektoratet skriv: «Målet med sommarskulen er å gje fleire unge ein arena der dei kan delta i faglege, sosiale og kulturelle aktivitetar i skulens sommarferie i 2021, samt ein moglegheit til å få fagleg påfyll».

Me ønsker å invitera lag og organisasjonar, verksemder, stiftingar eller andre aktuelle aktørar i Austrheim med som arrangørar. Aktuelle aktivitetar kan vera; symjetrening i sjø, fisketurar, ulike uteaktivitetar, målekurs, kurs i ulike instrument, song, dans, opplæring i friluftsliv, fotball, volleyball, turnskule osb.

Austrheim kommune gir støtte til aktivitetane, og kan eventuelt bidra om ein treng nytt utstyr.

Send ei kort skisse med budsjett til  
[anita.soltveit@austrheim.kommune.no](mailto:anita.soltveit@austrheim.kommune.no)  
Me tek kontakt om eventuelt samarbeid.  
Meir info på [www.austrheim.kommune.no](http://www.austrheim.kommune.no)



**Austrheim**  
- opne landskap, ope sinn

### DIN RØRLEgger I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!  
Når kvalitet og service teller



### MINI FRISØRSALONG

ønsker velkommen  
til gamle og nye kunder.  
Vi treffes på Åråshøgda 10.

Timebestilling:  
Mandag, Tirsdag, Torsdag og Fredag.  
Onsdag er stengt  
Telefon 56 16 92 00 / 95 21 46 16

Alla Kurinna og Rieko

**Tannlege  
Otto Førde  
i Mongstadkrysset**



*Jeg tar imot nye pasienter  
og yter akutt hjelpe.*

**Telefon vakt 56 16 98 35**



**Panasonic  
Varmepumper**

5937 BØVÅGEN  
Mob. 481 31 534  
[byggboe@online.no](mailto:byggboe@online.no)




**Vatne  
Begravelsesbyrå**

Vi kan hjelpe til  
med rådgivning  
og tilrettelegging  
ved begravelser  
og bisettelser.

**Ring døgnvakt:**  
56 35 09 10  
[www.vatne-byra.no](http://www.vatne-byra.no)  
Kvassnesvegen 11  
5914 Isdalsbø

### Gravminner

Norsk design og produksjon.  
Se utvalg på: [www.oienstein.no](http://www.oienstein.no)  
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87



## *Samtale mellom Ingebjørg Dyrnes og Rune Minde på Nordliheimen*

**Ingebjørg Dyrnes fylte 102 år den 3.april, og er Austrheim kommune sin eldste innbyggjar.**

Ho var fødd Halsteindal, og vaks opp på Sjurset i Lindås, som då høyrdet til Hamre på Osterøy.

Ho vaks opp som nr. to i ein søskensflokk på 5. Mora døydde då ho var 2 år av tuberkolose. Ho hadde ein eldre bror då. Men faren gifta seg opp att med svigerinna si, og dei fekk 3 born saman. Ingebjørg vart som ei mor for søskena.

Ho gjekk på skulen to dagar for veka. Det var ein tredelt skule. Dei minste gjekk på skulen onsdag og laurdag.

Ingebjørg hugsar godt då ho vart konfirmert. Det var i Hamre kyrkje. Då dei skulle for presten, måtte dei då gå ein time til kaien, tok så båten Oster over til Hamre. Då dei var ferdige, var det ein skyssbåt som førde dei nord att. Presten heitte Kvistad. Det var ein kjekk mann, seier ho.

På spørsmål om korleis det var å veksa opp på 20-30-talet seier ho at det var som vanleg. Dei visste ikkje om noko anna. Dei måtte bera vatn både inn og ut.

Ho gifta seg i 1949 i Korskirken i Bergen med austrheimingen Georg Dyrnes. Bryllaupet feira dei på Sjurset i heimen hennar.

Ingebjørg og Georg bygde hus i Dyrneset. Dei fekk 4 born fødde frå 1951 til 1960. Ho var heimeverande, men var med på misjonsforeining og foreining som arbeidde for Sjømannsmisjonen på Øksnes.

Georg var fiskar. Han reiste til Bergen og selde fisk og krabbe. Om vinteren var han på vintersildfiske. Men i 1964 mista Georg livet på sjøen. Ingebjørg fekk ei tung tid med åleineansvar for 4 born, 3 jenter og ein gutt. Ho fekk ikkje enkepensjon før nokre år etter, men fekk 75 kroner pr. månad for borna.

Ho seier sorga heng alltid i. Det var mange gonger tungt, men no har ho det godt. Ho har ikkje alltid hatt god helse, men meiner medisinar og kanskje

den friske lufta i Dyrneset har hjelpt på sidan ho har nådd ein slik høg alder.

Ho budde i Dyrnes til 2002 då ho flytta til LHL i Sætremarka. Det siste året har ho budd på Nordliheimen.

Ingebjørg har ein stor flokk etter seg. Det var like stort å bli mor, bestemor og oldemor, fortel ho. No har ho 21 oldeborn. På spørsmål korleis det er med den kristne trua seier ho at det er alltid noko som heng i. Ho er glad i alle salmar og nemner spesielt «Ved Jesu føter ei stille stund» som Jostein syng til henne.

**Vil du sjå heile intervjuet med Ingebjørg så finn du det på [www.austrheimkyrkja.no](http://www.austrheimkyrkja.no)**




---

**ME HAR EIT RIKT UTVALG PÅ VÅR CATERINGMENY,  
MELLOM ANNA SNITTER OG KOLDTBORD**

---

BESTILL GJERNE PÅ TELEFON: 948 53 975  
LES MEIR PÅ VÅR HEIMESIDE: [WWW.KILSTRAUMEN.COM](http://WWW.KILSTRAUMEN.COM)



# Forvaltningskontor i Austrheim kommune

Siv



Tove Kristin



Austrheim kommune etablerer forvaltningskontor! Forvaltningskontoret skal handsama søknader om pleie og omsorgstenester. Kontoret er etablert på kommunehuset og er ope tysdag, onsdag og fredag.  
Dei tilsette er Siv Solberg Hopland (tlf 56 16 21 38) og Tove Kristin Sleire Tistel (tlf 56 16 21 42).

Dette kan det søkjast om på forvaltningskontoret:

- Om praktisk bistand – opplæring i daglege gjermål
- Heimehjelp
- Tryggleksalarmer
- Heimesjukepleie
- Middagslevering
- Avlastning i og utanfor institusjon
- Institusjonsplass på Nordliheimen: Avlastning, kortidsplass, langtidsplass.
- Dagtilbod
- Støttekontakt/fritidskontakt

*Du får søknadsskjema ved å gå inn på kommunen si heimeside: [www.Austrheim.kommune.no](http://www.Austrheim.kommune.no) eller ved å kontakta oss på forvaltningskontoret.*


Korleis du kan forebyggja i eigen heim:

- Skaffa klokker som er større og som syner tida tydlegare
  - Rydda vekk teppe – unngå snublekantar
  - Bytta ut svake lyspærer med sterkare lyspærer – og på utelampar.
  - Bruk leselampe til handarbeid og anna.
  - Setja opp nattlys på badet.
  - Monter ekstra handtak på badet og andre aktuelle stader.
  - Søk om hjelpemiddlar; til dømes rullator for å kunna gå til butikken, eller ein dusjstol for å bli tryggare når du dusjar.
  - Ta gjerne kontakt om det er noko du lurar på.
- Med helsing Tove Kristin og Siv.



## Soknemøte i Austrheim Sokn hadde 14.04.21

«ny ordning for gudstenesteordning» oppe til drøfting.  
Det var 11 medlemmer til stades. Soknemøtet vart orientert av Sokneprest Rune Minde som orienterte om framleggget for ordning for Austrheim og Fedje sokn.  
Soknemøtet gav si tilslutning til planen slik den ligg føre.  
Dokumentet ligg på heimesida vår  
[www.austrheimkyrkja.no](http://www.austrheimkyrkja.no)



## ELDREDAGEN

Vi håper når vi kjem til 1. oktober dette året at det vert mogeleg å feira eldredagen som før, med gudsteneste i Kyrkja

og samankomst på samfunnshuset etterpå-

Vi kjem med fleire opplysningar

# Intervju med prost Helge Taranrød

Prosten vår kom til Austrheimkyrkja og hadde gudsteneste 14.mars. I etterkant av den hadde me eit intervju med han.

## Korleis er det å kome til Austrheimkyrkja?

Det er fint. No i koronatida er det mange som vegrar seg for å komme til kyrkje, men her i kveld var det mange som kom, og det er flott. Me ville så gjerne vert sosiale med kvarandre med kaffi etterpå, men det er godt å samlast.

## Er det ei utfordring å finne ut korleis ein skal vere kyrkje for tida?

La oss håpe me står i denne utfordringa heile tida, ikkje berre i koronatida. Eg trur me kan seie to ting om det. Det eine er at det ikkje er berre prestane, men alle kyrklelege tilsette og sokneråda som har vore utrolig gode på å gjøre andre ting enn me er vane med. Det kan vere gudstenester som me må vri på. Det å lære seg å lage podcast, eller å lage flotte digitale gudstenester slik som de har gjort i Austrheim og Fedje. Det er noko me ikkje har sett så mykje av tidlegare. Det andre er at me må få lov til å seie at me blir trøytte. Det er til dømes ikkje kjekt å stå med munnbind og dele ut nattverd. Så at folk står i det til trass for alle restriksjonar synes eg er veldig bra.

## Korleis er dialogen med lokale styresmakter gjennom pandemien?

Det er rett og slett ein styrka dialog. Me har behov for å snakke saman. Kommune, kyrkje, kommunelege, gravferdsbyrå. Me har hatt enda meir dialog no enn me har pleidd å ha. Det håpar eg at me tar med oss vidare.

Det har vore eit år for definisjonar. No er det faste tilviste plassar som avgjerd kor mange som kan kome til kyrkje, men mange trur det er 100 som er grensa uansett.



Den eine begrensinga som slår ut 100-talet er størrelsen på kyrkja. Det må vere eit svært stor kyrkjerom for å få plass til 100 med ein eller to meter avstand. Det med faste tilviste plassar er betre enn f.eks 10 som har vore ei grense. No er det størrelsen på kyrkjerommet kombinert med avstandskrav som avgjerd kor mange som kan komme til kyrkja. Eg må få seie at det var på høg tid at myndighetene våre har forandra på reglane om faste seter som ingen skjonte noko av. Med faste tilviste plassar så får ein sin plass, held avstand og set seg ikkje i klynger saman. Det er lettare å forhalde seg til.

Kyrkjevertane får ein viktigare jobb sidan dei både skal registera dei som kjem, men også følge dei til sin tilviste plass. Me er vane med å finne vår eigen plass, så det vert litt annleis no.

## Kva med fellessong i kyrkja?

No skal me halde 2 meter.

Det er den nye praksisen. Til og med i gravferd der det er venta mange til stades, så må ein kutte ut fellessong når ein ikkje klarar å halde 2 meter avstand. Det er ein praksis, ikkje berre ei anbefaling.

## Kva er ditt forhold til kyrkjeblad?

I år er Kyrkjebakken 50 år.

Det er helt fantastisk! Ein skulle jo tru at slike kyrkjelydsblad gjekk av moten, eller at det ikkje er bruk for det enno. Faktum er at dette er eit lokalblad som folk verkeleg les. Det gjeld kyrkjeblad i mange byar og bygder i Norge. Eg bur sjølv på Landås i Bergen, og der bladet blir delt ut til alle husstandar. Så her går me inn i 50 nye år for Kyrkjebakken trur eg.

# Syklar du til jobben? Er du aktiv på andre måtar?

Austrheim kommune ønskjer å motivera til meir aktivitet i kvardagen, og inviterer deg til å delta i aktivitetskampanjen Sykle til jobben. All aktivitet gjeld, om du sykler til arbeid, har ein aktiv pause fra heimekontoret, eller er i fysisk aktivitet på fritida.

Delta individuelt, eller som eit lag saman med vennar, familie eller kollegaer. Maks fem deltagarar per lag. Alle som melder seg på og registrerer aktivitet er med i trekninga av premiar, som blant anna syklar, turar og treningsutstyr.

Meld deg på! Austrheim kommune betalar innmeldingsavgifta for deg og ditt lag.  
**Kampanjepериоден е fra 20. april til 18. juni.**

**SYKLE TIL JOBBEN**  
Noregs største aktivitetskampanje

ALL AKTIVITET TEL!  
20.04 – 18.06

[www.sykletiljobben.no](http://www.sykletiljobben.no)

BEDRIFTSIDRETEN  
SYKLE TIL JOBBEN

# S TOLPEJAKTEN er i GANG i AUSTRHEIM.

Arrangørar:



  
Austrheim  
- opne landskap, ope sinn



meir info på Facebook: @stolpejaktenaustrheim

**S** STOLPEJAKTEN

**S** BLI SPREK I DITT NÆRMILJØ